

ÅRSPLAN OG INFORMASJONSPLAN

2025 - 2026



DØNFOSS NATURBARNEHAGE



NATUREN SOM ARENA FOR LEIK OG LÆRING

Dønfooss naturbarnehage er ein to-avelings barnehage godkjend for 36 plassar, og ligg 10 km vest for kommunesenteret. Barnehagen ligg midt i skogen med spanande og utfordrande uteområde og godt tilrettelagt innemiljø.



Hjå oss er naturen ein stor del av kvardagen. Vi har eit unikt skog- og turområde rett utanfor døra. Vi har eigen lavvo med tilhøyrande bål plass og skogen å boltre oss i. Vinterstid har vi akebakke og skiløype like ved. Det er i naturen vi finn den aller beste leikeplassen, og vi brenn for oppdagingsferd i naturen med undring over dei ulike årstidene.

Vi ynskjer å fremme kunnskap om naturen, å vera i naturen, og å ha respekt for naturen. Vi vil at naturen skal vere ein læringsarena for meistring, samspel og begrepforståing. Med konseptet naturbarnehage styrker vi barnet gjennom mykje fysisk aktivitet i naturen. Når vi er på tur forsterkar vi dei gode opplevingane av fellesskap og relasjonar mellom liten og stor.



Elgjakt, slakting, fising og innhausting frå eigen kjøkenhage og skogen er nokre av barnehagen sine faste prosjekt. Vi lagar mat frå botnen av frå naturen sitt spiskammers, slik at borna forstår kvar maten vår kjem frå.



Vi bakar flatbrød og lefse i eige bakstrom vi har i kjellaren. Snekkerbod til barna nyttar vi også. Utanfor vindauga har vi fuglekarnapp og fuglekassar med kamera. Vi har kaninar og rugar ut kjuklingar på våren. To gardsbruk ligg i nærleiken der vi ser på lam og kyr.

PEDAGOGISK PROFIL

Dønfoss naturbarnehage arbeider ut i frå ein heilskapleg tilnærming til læring og utvikling gjennom lek og leikbaserte aktivitetar.

Forsking er klar på at barn i barnehagealder lærer gjennom lek. Heilskapleg og leikbasert læring skjer når barn får vere med i aktivitetar der vi vaksne er aktive og engasjerte. Dette ynskjer vi å gjere i tett kontakt med naturen, og gjennom uteliv. På den måten utfører vi omsorg, lek og læring sett i ein heilskapleg samanheng.

Personalet støtter, kommuniserer og viser interesse saman med barna i handlingar og aktivitetar gjennom barnehagekvardagen. I samhandling med barna brukar vi vaksne oss sjølv som verktøy til læring og oppleving. Måten vi kommuniserer på vil være viktig for læring. Gjennom dette utfører vi omsorg, lek og læring sett i ein heilskapleg og tverrfagleg samanheng. Vår tanke er at når personalet er aktive og deltakande med barna, så oppstår læring i alle situasjonar. Vi ynskjer å oppnå ein "hjartekultur" der vi alle har ei betyding i eit større fellesskap, samt være viktig for andre gjennom samspel og meistring.

Vi arbeider kontinuerleg med vaksenrolla, med å sjå og reflektere korleis vår veremåte påverkar vår samhandling med barna. Vi arbeider systematisk og målretta med psykisk helse, relasjonsbygging, førebygging av mobbing og krenkande åtferd. Vi nyttar mykje følelseskort i samband med dette arbeidet. Vi held oss fagleg oppdatert ved å lesa fagstoff til personalmøte og jobbar med refleksjonsarbeid på møta og er med i eit regionalt utviklingsarbeid. Vi freistar å kommunisere anerkjennande og med respekt, vi skal lytte til barna og vere mentalt til stades i deira sin verden. Målet er å sjå oss sjølve i samhandling med barna, og korleis vår veremåte påverkar samspelet.

Omsorg og tryggleik må liggje i botn for at barna skal utvikle seg. Dette handlar om både fysisk og psykisk omsorg. Vi må dekke barna sine basisbehov. I tillegg er det viktig å møte barnet sine kjensler, byggje relasjonar og skape tillit – både hjå det enkelte barn og i barnegruppa.

Barns medverknad er sentral. Barna skal få gje uttrykk for det dei meiner om den daglege verksemda i barnehagen. Barna skal på sin måte delta i planlegging og vurdering av barnehagen, ut i frå alder og utviklingsnivå. Vi må difor observere ulike uttrykk barna gjev, både munnlege og kroppslege, og vurdere opplegg og aktivitetar ut i frå dette.


Vi ynskjer å vere prosessorienterte, ikkje resultatorienterte. Vi skal ha ei fin oppleving og lære av prosessar i fellesskap.

Inkluderande fellesskap er eit viktig mål.

Vi freistar å gjere spesialpedagogikken allmennpedagogisk.

Dette gjer vi i vår daglege praksis og gjennom fagleg refleksjon på møter og kurs.

Vi ynskjer å vere ein liten barnehage med eit stort hjarte, som jobbar tett på barn og foreldre.



PERSONALET

I Barnehagen i Skjåk ynskjer oss at humor, glede og positiv tenking skal ha ein sentral plass i kvardagen. Å kunne gle seg og le saman med barna er viktig! Oss ynskjer å gjere barn og vaksne løysningsorienterte gjennom positiv tenking.



TORØ MAGNY
Fagarbeidar



HEIDI
Styrar



ELI
Ped.leiar/spes.ped



SILJE
Helsefagarbeidar



IDA
Assistent



SIV KRISTIN
Merkantilt



FRIDA
Barnevernspedagog



HALDIS
Ped.leiar



STINE
Fagarbeidar



DEI YNGSTE BARNA

For dei yngste barna er omsorg, faste rutinar og trygge ramar det viktigaste. I tilvenningsperioda brukar vi god tid på å verte kjende med barna, og skape gode relasjonar. Oss legg vekt på godt samarbeid og tett dialog med foreldre, for å sikre ein god og trygg start for dei små.

DEI YNGSTE BARNA SKAL FÅ OPPLEVE:

- Skjerming og tid for seg sjølve, med materiell og opplegg tilpassa alder og utviklingssteg.
- Variert leik, språkleg, sosial og motorisk utvikling.
- Ein kvardag prega av humor, glede og positivt samspel med andre små og store.
- At vi tek vare på barna sine behov ved å ha ein forutsigbar kvardag med gode og faste rutinar.

Små barn "nærmar seg verda" på sin måte og i sitt tempo. Nokre barn blir fort trygge i barnehagen, medan andre treng lengre tid. Derfor er det individuelt korleis tilvenningsperioda til barna blir.

Kvardagssituasjonar som måltid, stell, kviling, påkledning og leik utgjer mykje av dagen for dei minste.

Tilvenning:

Tilvenning må tilpassast kvart enkelt barn, og foreldra bør setje av god tid til dette. Vi avtaler med dykk foreldre korleis det blir.

Dag 1: Den fyrste dagen er foreldra med heile tida for at barnet skal ha ein trygg person med seg. Lengde på dagen varierer, men ca. 2 timar er vanleg denne dagen.

Dag 2: Denne dagen er veldig individuell, nokon er saman med barnet heile tida, medan andre reiser ei lita stund. Lengde på dagen vil variere. Kviler barnet reiser de etter kvilen. Dette avtaler vi individuelt.


Dag 3: Denne dagen vil dei fleste reise ei stund, og barnet kviler i barnehagen. Lengde på dagen etter avtale, men ikkje lenger enn til etter mat, ca. kl. to



LIVSMESTRING OG HELSE

Trygghetssirkelen®

Foreldre som ivaretar barns behov



Trygghetssirkelen er med på å hjelpe oss å forstå at vegen til barns sjølvstende er avhengig av tryggleiken oss vaksne kan gje barna tidleg i livet. Barn treng vaksne som ser dei, og er i stand til å regulere og rettleie på ein god og klok måte. For å sikre samspelet i tilknytninga nyttar vi metoden "trygghetssirkelen". Ein modell som lærer deg å sjå barnet innanfrå, og forstå barnet sine signal betre. Ved å vere til stades, bruke tid og anerkjenne barnet og deira kjensler, skapar vi ei trygg base for barnet.

Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon, og bidra til å utjamne sosiale forskjellar. Barn si fysiske og psykiske helse skal fremmas i barnehagen. Eit inkluderande barnehagemiljø bidreg til trivsel, livsglede, meistring og kjensle av eigenverd. Personalet skal førebyggje krenking og mobbing, og bidra til utvikling av barna si sosiale kompetanse og evne til sjølvregulering.

Vi vil fortsetje å jobbe systematisk og målretta med barn si psykiske og fysiske helse, med fokus på trygge relasjonar og barn sine behov for tilknytning, og legg til rette for variert og stimulerande leik både ute og inne.



OMSORG

OMSORG, TRYGGHEIT OG TILLIT

- I Dønfoss naturbarnehage skal alle barn oppleve å bli sett, forstått, respektert og få den hjelp og støtte det har behov for.

- Å gje omsorg handlar om mykje meir enn å ha eit fang å sitje på.

Det handlar om korleis oss kommuniserer, at oss gjev rom for å samtale og lytte, samtidig som oss er tydelege og ansvarsfulle.



Barnehagen skal ivareta barnas behov for omsorg.

Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik.

Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre. I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for.

Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna sjølve, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som òg verdset omsorgshandlingane til barna.





BARNA SKAL FÅ OPPLEVE:

- meistringskjensle ut i frå egne føresetnader
- at i naturen er sjølve opplevinga sett i sentrum
- at personalet tek deira initiativ på alvor, og støttar dei i å utvida forståing gjennom gode samtalar
- at personalet deltek i undringa deira, og brukar kjelder som er tilgjengelege for å finne svar
- skiftingane i naturen, vår og årstider
- å få varierte erfaringar gjennom tverrfagleg arbeid

LÆRING

Som naturbarnehage ynskjer vi å nytte naturen som tverrfagleg læringsarena. Vi vil bruke opplevingar og erfaringar barna får i lek og samspel med naturen som grunnlag i det pedagogiske arbeidet.

I Rammeplanen står det at personalet skal sørge for at alle barn kan få rike og varierte opplevingar og erfaringar, utfordringar og meistringsopplevingar (Rammeplanen s.22).

Den fine barnehagen vår og nærområdet vårt gjev oss rike moglegheiter til å leggje til rette for dette. Barnehagen ligg i skogen med bekk, elv, ljosløype og gardsbruk i gangavstand, og med kulturminne like i nærleiken. Vi har eit rikt dyre – og fugleliv rett utanfor døra, og kan studere det på nært hald.

Inne har vi bakstrom, snekkerbu, stor sal med scene, i tillegg til dei to basane våre.



BARNA SKAL FÅ OPPLEVE:

- glede i leiken, saman med andre eller aleine
- eit inkluderande leikemiljø der personalet rettleier og støttar barna for å unngå uheldige samspelsmønstre
- at vi legg til rette for allsidig leik, ute og inne
- at personalet støttar opp om, og er med å utvide leiketema barna tek initiativ til
- at personalet legg til rette for ulike leiketema som skaper felles erfaringar
- ro til å leike, og tid til å gå inn i djup leik
- at personalet deltek i leiken og er bevisst si rolle for å skape god leik



at barna utviklar seg sosialt, språkleg og kognitivt.

Rammeplanen understrekar at leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og at eigenverdien til leiken skal anerkjennast (Rammeplanen s.20).

Vi i Dønfoss

Naturbarnehage legg vekt på å gje barna god tid til å leike, både ute og inne.

Barna skaper sine egne leikeunivers og har sine egne

"hemmelege" plassar der dei trivs ekstra godt.

LEIK

Leiken er ein viktig veg til utvikling og læring. Erfaringar, opplevingar og samspel i leiken gjer



Naturen rundt oss er ein fantastisk leikeplass, der vi kan sjå og oppdage kva skogen, elva og kulturlandskapet har å by på til alle årstider.





DANNING

BARNEHAGEN SKAL BIDRA TIL Å:

- vise interesse for det barna uttrykker og seier
- gje barna god sjølvkjensle
- la barna få tid til å tenke og prøve sjølve
- la barna få argumentere for egne meiningar, erfare og respektere at det finns ulike synspunkt
- finne løysing gjennom samtale

Danning handlar om å utvikle kunnskap, verdiar, og haldningar saman, gjennom dialog – der alle blir anerkjent som sjølvstendige individ med egne følelsar og tankar.

Den vaksne si rolle er å vere ein god samtalepartnar, og rettleiar – og ikkje minst vete når ein som vaksen må vera til stades. Det handlar om å vise interesse for kva barna har å si, og stille gode spørsmål.

I Rammeplanen står det at barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet. Barnehagen skal bidra til å fremme barnas tilhørighet til samfunnet, natur og kultur.





MEDVERKNAD

DEI VAKSNE I BARNEHAGEN SKAL BIDRA TIL:

- At det blir lagt til rette for aktivitetar og lek utifrå barnas interesser og kva dei er opptekne av
- At barna skal få kjenne på at barnehagen er til for dei
- At barna kjenner at deira meining tel, både hjå andre barn og vaksne
- Kunne forandre planar i forhold til barns spontanitet

Barn i barnehagen har rett til å gje uttrykk for sitt syn på barnehagens daglege virksomhet.

I praksis betyr medverknad å bli sett, høyrd, og lytta til, og at dei vaksne må legge til rette for å involvere barna i det som skjer i det daglege. Det er viktig at dei tilsette er fysisk og mentalt tilgjengelege, og at vi heile tida jobbar med relasjonane mellom barn og dei tilsette.

"De ansatte må bli mer bevisst på synet sitt på barn. At de ser barn som medmennesker, som de møter med respekt og tar på alvor i ulike situasjoner i barnehagen."

- Berit Bae, professor emerita



FORELDRESAMARBEID

VI YNSKJER AT:

- foreldra skal vera trygg på at barnet har det godt i barnehagen når dei kjem med barnet, og at dei skal oppleve at barnet har hatt ein fin dag når dei hentar
- foreldra tek kontakt så snart det er noko dei ynskjer å prate med oss om eller er usikre på
- vi saman skal skape eit godt samarbeid, der vi kan utveksle idear og synspunkt
- vi saman tek ansvar for barnet sin trivsel og utvikling
- foreldra skal oppleve at dei er delaktige i å skape ein trygg og god barnehage



Dei viktigaste samarbeidspartnarane for barnehagen er barna sine foreldre.

I Rammeplanen heiter det:

"Barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldra.(...)På individnivå skal barnehagen leggje til rette for at foreldra og barnehagen med jamne mellomrom kan utveksle observasjonar og vurderingar knytte til helse, trivselen, erfaringane, utviklinga og læringa til det enkelte barnet." (s. 29)

Før barnet byrjar i barnehagen inviterer vi til "bli kjent besøk" saman med foreldre eller føresette. Vi har oppstartssamtale nokre veker etter oppstart. Kvart år er det tilbod om to foreldresamtalar, og vi har foreldremøte kvar haust.

Den daglege kontakten i bringe- og hentesituasjon er ein god arena for uformell dialog og samarbeid.

Heimen får skriftleg informasjon og dokumentasjon i årsplanen og Dønfossglytten (månadsplan).

Vi brukar appen "min barnehage" som bindeledd mellom heim og barnehage. Her kan foreldre og barnehage utveksle beskjedar og meldingar. Barnehagen legg i tillegg ut månadsplanar, viktig informasjon og årsplan i appen. Vi har også ein telefon på kvar avdeling, der foreldre kan nå oss.

Formell arena for samarbeid mellom foreldregruppa og barnehagen er foreldreutval og samarbeidsutval.

SKULEFØREBUANDE

AKTIVITET OG SAMARBEID

AKTIVITET MED BARNA

- Bokstund
- Førskuletreff
- Førskuledagar på skulen

INNHALD

Leikprega aktivitet med vekt på:

- Å skape tryggleik
- Samhald/sosial kompetanse
- Sjølvstende
- Konsentrasjon
- Språkstimulering
- Matematikk
- Fysisk aktivitet

SAMARBEID MED DEI ANDRE BARNEHAGANE

- Førskuleforeldretreff
- Førskuletreff, haust og vår (4-6)

SAMARBEID MED SKULEN

- Planleggingsmøte for overgang
- Vårforeldremøte
- Faddersamarbeid
- Førskuledagar
- Overlevering av informasjon etter samtykke frå foreldre

Siste året før barna byrjar på skulen har vi Bokstund ein gong i veka. Dette er strukturerte økter der vi legg vekt på å skape fellesskapskjensle i gruppa. I Bokstund har vi ulik aktivitet som skal vera med å gje barna eit godt grunnlag for skulestart. Barna skal ha grunnleggjande ferdigheiter og sosial kompetanse som gjer overgangen til skule så god som råd. Vi har også her ei tverrfagleg tilnærming med leikprega aktivitet og fokus på godt samspel og samarbeid.

Vi ynskjer å gje barna opplevingar og erfaringar som gjer at dei gler seg til å byrje på skulen. For å skape tryggleik legg vi opp til at barna skal få treffe resten av skulestartarane i bygda fleire gongar i løpet av siste barnehageår, slik at dei blir kjent før skulestart. Eit anna moment i å skape sunne og gode forventningar er samarbeidet med skulen, møte med lærar, fadderordning og førskuledagar på skulen. Det er viktig at barna får erfaring som gjer at dei opplever samanheng mellom barnehage og skule.

Det er utarbeidd ein eigen plan for overgang barnehage – skule som beskriv samarbeidet mellom barnehagane og skulen. Foreldre får denne planen siste barnehageår.



VURDERING VED HJELP AV:

- Bildedokumentasjon frå daglege aktivitetar i barnehagen
- Skriftleg dokumentasjon i planar
- Observasjonar av barnegruppa i leik- og læringsprosessar
- Observasjon av praksis, og korleis den påverkar barn og barnegruppa
- Refleksjon over eigen og felles praksis
- Bruk av ymse observasjonsverktøy
- Pedagogisk analyse
- Avsett tid til samarbeid og felles refleksjon på pedagog- og personalmøte
- Samarbeid med andre instansar der det er behov for det

VURDERING OG OBSERVASJON

Gjennom vurdering av det daglege arbeidet skal vi sikre at vi oppfyller samfunnsmandatet vårt, som er beskrive i plan- og lovverk frå det offentlege, og eigen årsplan og månadsplanar.

Vurderingsarbeid byggjer på dokumentasjon, observasjon og refleksjon, og er ein kontinuerleg prosess. Arbeidet er eit viktig grunnlag for kvalitetssikring. Endring av praksis som ledd i vurderingsarbeidet skal vera med å utvikle barnehagen som lærande organisasjon.

Vi bruker verktøyet "pedagogisk analyse". Dette er ein modell for analyse av pedagogiske utfordringar som ansatte i barnehagen kan møte. Modellen er ein systematisk måte å analysere utfordringar på, og kome fram til hensiktsmessige tiltak i den pedagogiske praksisen.

Vi skal dokumentere det vi gjer og bruke tid på refleksjon, evaluering og vurdering av kva som fungerer. Med dette som grunnlag kan vi byggje vidare på vår pedagogiske plattform og sikre progresjon i arbeidet.

Gjennom observasjon, vurdering og dokumentasjon skal vi også kunne leggje til rette for progresjon, ved at kvart enkelt barn skal få utfordringar tilpassa sitt meistringsnivå, sosialt, kognitivt og fysisk.

TEMA



SPRÅK UTE I NATUREN:

Leik er ein viktig del av barns kvardag. Barn leiker overalt, også i naturen. Gjennom leiken stimulerer og utviklar barn språket sitt. Naturen bidreg til at barn får utvikla omgrepslæring. Vi klatrar opp og hoppar over steinar, kryp under greiner og gjømer oss inni busker og kratt. På tur har vi god tid til å snakke om kva vi ser, beskrive det vi ser og undre oss saman rundt opplevingane våre.

SPRÅK OG LEIK:

Gjennom rolleleik skaper barn sitt eige drama og teater. Dei får brukt fantasien sin og kommunisert og gjeve uttrykk for det som opptek dei.

SPRÅK OG MUSIKK: Musikk er ein viktig nøkkel for språkopplæringa. Sang og musikk skaper fellesskap og eit felles språk. Musikken er eit godt hjelpemiddel til å fremme god språkutvikling.

Som naturbarnehage fyljer vi med på endringane i naturen rundt oss og har aktivitetar som er naturlege for årstida. Om våren ser vi at naturen vaknar etter vinterdvala. Vi helsar mauren velkomen, plantar og sår og reiser på besøk for å helse på lam. Utover mot sommaren legg vi til rette for aktivitet etter vêret, og er mykje ute på tur. Om hausten er det innhausting, sanking, jakt og fiske på programmet. Vi må også foredle råvarene vi får tak i, og smake på alt det gode vi lagar. Så er det jul og juletradisjonar som er tema.

I tillegg har vi ekstra fokus på språk og språkmiljø gjennom heile året. Vi brukar ASK (Alternativ Supplerande Kommunikasjon). Det betyr at vi synleggjer språket gjennom bilete og tekst, tematavler og bruk av teikn. Dette gjer vi for å støtte og stimulere barna språkleg. Vi legg til rette for utforskning av språket ved å bruke språkboksar, bøker, songar, rim og reglar.



Leik, utvikling og læring:

Barnehagen skal ivareta barnas behov for leik og gje gode vilkår for leik og venskap. Leiken skal være ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere og gje rom for ulike typar leik (Rammeplanen for barnehagen 2017).

Heile førskulealderen er ein kontinuerleg utviklings- og læreprosess hjå barna. Leiken har ein heilt sentral og viktig rolle for at utvikling og læring skal skje.

Gjennom leiken er det komplekse nettverk av nerveceller som utviklast i hjernen. Ei hjerne i utvikling har eit medfødt behov for leik - derfor er barna født utforskande og nysgjerrige, med trong til å erfare og lære (Lunde og Brodal, s 22).

Barnehagen skal bidra til den gode barndommen ved å gje barna moglegheit for leik som kjelde til utvikling, trivsel og læring. Vi må jobbe med barnas leikemiljø, både inne og ute – det påverkar leiken. Noko av det mest særsegne med leiken er at den er indre motivert og barnas eigen sjølvvalde læringsform. Det gjev stor glede og sjølvregulering.

Korleis ivareta denne grunnleggjande og viktige aktiviteten i dagens samfunn?

Vi har eit mål om å utvikle oss fagleg, om, og i leik. Vi vil sette fokus på leiken og barnas leikemiljø i barnehagen. Det styrkar barnas språk, sosiale samspel, fantasi og kreativitet. Barna utviklar seg emosjonelt og motorisk. Leik er ein heilhetleg form for læring og den styrkar inkludering. Men dette forutset at vi skapar eit godt leikemiljø og gode vilkår for leik. Det er det vi i personalet som må skape, lage og gje næring til.

Dette krev tilrettelegging, nærvær og deltaking. Vi ynskjer å arbeide med vaksenrolla, og bruke pedagogisk analyse i leiken gjennom barnehageåret 25/26.

Lekediktet


Nå skal vi ut å leke,

Vil du være med?

Nei, jo vent litt a,

Jeg skal bare få på meg støvla først

Jan Erik Vold



TEMALØYPE

NOVEMBER – DESEMBER

Adventstid.
Jul/juleførebuing

Adventstundar
Synge julesongar
Lage julegåver.

Lese juleforteljingar.
Besteforeldredag der vi bakar til jul.
Lommelykt-tur og grautfest.
Julekaffe med Lucia

AUGUST – SEPTEMBER:

Oppstart/tilvenning
Nærområdet vårt

Legge til rette for positive og gode
opplevingar saman
Innarbeide faste rutinar og trygge
ramar. Enkle samlingsstunder
Stutte og lengre turar

SEPTEMBER – NOVEMBER:

Haust i skogen
Innhausting
Mattradisjonar

«Frå jord til bord»

Hauste avlinga vår
Bærturar
Fiske og jakt

Berekraftig utvikling
(kompost, matavfall til
dyr)

JANUAR – MARS

Tema: Tverrfagleg aktivitet med inspirasjon frå "Dyra i
Hakkebakkeskogen"

"Leik med språket"

Vi brukar språksprell, snakkepakka
og andre språkleikverktøy

Kjende og eigenproduserte rim og reglar, songar,
eventyr og historier

APRIL – JUNI

Berekraftig utvikling (kjeldesortering/gjenvinning,
søppelplukking)

Påskeaktivitetar
Vår og sommar i skogen
Kjuklingar

Så og plante
Gardsbesøk
17. mai

Sommartur/sommarfest

FAGOMRÅDA I PRAKSIS

KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST

- Bevisste på språkstimulering i kvardagen, sette ord på det som skjer
- Bruke ASK aktivt i kvardagen. (Tematavler, kort m.m.)
- Tid til å lytte og snakke med kvarandre
- Høgtlesing og tekstsaking
- Eventyr i skogen
- Rim og regler
- Språkgrupper



KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE

- Naturen som arena for allsidig aktivitet, gå på tur i skog og mark året rundt
- Utfordring tilpassa meistringsnivå
- Hinderløype ute og inne
- Lage mat og lære om kvar råvarene kjem frå
- Tid til kvile og avslapping
- Snekring og spikking



KUNST, KULTUR OG KREATIVITET

- Naturen rundt og naturmateriell som utgangspunkt for kreativ skaping/forming
- Synge nye og gamle songar
- Dans og fysisk utfolding til musikk
- Spele på instrument
- Utkledning og dramatisering ute og inne
- Leikemiljø for kreativ rolleleik



NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI

- Få erfaringar med ulikt vêr året rundt
- Skattejakt i naturen, barna finn sine egne naturskattar
- Sporjakt i nærområdet
- Ha faste turmål der vi ser endringane i naturen gjennom årstidene
- Vêrobservasjonar
- Studere insekt, småkryp og planteliv
- Bruke iPad og pc
- Bærekraftig utvikling (gjenvinning, søppelpl.



MENGD, ROM OG FORM

- Matematikk gjennom språket
- Oppdage former og fargar i naturen
- Telle og forme med naturmateriale
- Sortere gjenstander etter form, farge og eigenskapar
- Konstruksjonsleik inne og ute, t.d. hyttebygging, snekring, puterummet og lego
- Ulike spel
- Natursti



ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI

- Reflektere over og sette ord på følelsar
- Bruke bøker, bilete og bildekort som støtte
- Snakke om vennskap og korleis vi kan vere ein god venn
- Lære om andre kulturar, markere Samenes nasjonaldag
- Markere ulike høgtidar
- Undring og filosofering gjennom gode samtaler




NÆRMILJØ OG SAMFUNN

- Bruke nærmiljøet aktivt i kvardagen, lavvoen, gullgruva, elvekanten, ljosløypa, turstiar og kulturstien
- Lære lokale stadnamn
- Gardsbesøk
- Turar til fots, på ski og på sykkel
- Bli kjent med ymse nødetatar
- Bruke biblioteket
- Sangstundar på Skjåkheimen, prosjekt "Generasjonssang"



Vi i Dønfoss Naturbarnehage arbeider for at alle sju fagområda skal vera representerte i dei daglege aktivitetane, både dei planlagde og dei spontane. Vi legg vekt på dei spontane situasjonane der barna er engasjerte. Det er gylne øyeblikk for formidling. Vi vaksne er bevisste på å bruke dei ulike aktivitetane tverrfagleg.





KVA ER BEREKRAFTIG UTVIKLING?

- Handlar om at menneskjer som lever i dag, får dekkja sine grunnleggande behov utan å øydelegge framtidige generasjonars moglegheit til å dekke sine.
- Tenkje og handle lokalt.
- Forstå at dagens handlingar har konsekvensar for framtida.
- Vise omsorg og ta vare på omgivelsane og naturen.
- Bli kjende med naturens mangfald
- Opplive tilhørigheit til naturen
- Miljøfyrtårn - sertifisert

BEREKRAFTIG UTVIKLING

I Rammeplanen står det at barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ei føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik oss kjenner det. Barnehagen har difor ei viktig oppgåve i å fremme verdiar, haldningar og praksis for eit meir berekraftig samfunn.

Kva gjer vi i barnehagen:

Fremje haldningar og verdiar gjennom samtale og praksis, at barna deltek aktivt gjennom:

- Kjeldesortering
- Plukkar søppel
- Kompost
- Gjev matavfall til kaninar, fuglar og dyr
- Nytte ressursane i naturen. Sår, haustar, jakt og fiske, saftar.
- Spare energi der oss kan
- Gjenbruk av møbler, utstyr og leiker

Ved å vera miljøfyrtårnsertifisert skal Skjåk kommune kontinuerleg jobbe for å bli betre innan klima- og miljø. Med gode rutinar for arbeidsmiljø, avfallshandtering, energibruk, innkjøp og transport oppnår vi ei meir miljøvennleg og lønsam drift.



MARKERINGAR OG FEIRINGAR

BURSDAG

Når eit av barna har bursdag pyntar vi med flagg og ballongar og lagar krone. Barnet får velja bursdagmeny. Graut, frukt og grønnsaker eller smoothie. Dei vel også eit eventyr som nokre av barna dramatiserer. Resten av barnegruppa lagar kort med helsing til barnet.



ADVENT OG JULEFØREBUINGAR

Vi ynskjer å vera med å skape forventning til høgtida. Det viktigaste for oss er å leggje til rette for ei roleg adventstid der barna får delta i juleførebuingane på eige premiss. Vi bakar og lagar julemat og legg til rette for at barna kan velje formingsaktivitet med juletema. I adventstida har vi samlingar med julesongar, julehistorier og adventskalender. Vi har også adventstunder der vi inviterer foreldre. Ein fast tradisjon er å invitere besteforeldre for å bake peparkaker/kakemenn. Dei siste åra har vi hatt kombinert julekaffe og Lucia feiring, der barna får invitere foreldre.


PÅSKE

Påske er også tid for formingsaktivitet og markering. Vi bakar oftast mørlefse og har Gul frukost der barna får invitere med seg familie. Vi les påske – og vårbøker, og formidlar tradisjonar knytt til påskehøgtida. Skulestartarane blir invitert til å pynte påsketre i kyrkja.

ANDRE MARKERINGAR

Vi markerar Samefolkets dag i februar. Da snakkar vi om samisk kultur, høyrer samisk musikk og studerer det samiske flagget. Før 17.mai øver vi på å gå i tog og vi har ulik formingsaktivitet. Vi syng tradisjonelle 17.mai songar og kosar oss med noko godt. Tradisjonar og kvifor vi feirar 17.mai pratar vi om i samlingar eller kring matbordet.

I løpet av juni brukar vi å ha sommaravslutning i barnehagen. Da har vi grillfest og litt underhaldning. Skulestartarane er både del av arrangørstaben og heidersgjestar denne dagen. Dei får ei lita helsing frå barnehagen med lykkeyskingar for skulestart.



TRAFIKKSIKKER OPPVEKST

Rutinar ved ferdsel på eller ved
trafikkert veg:

- Gule vestar på barn og vaksne
- Vaksen fyrst og sist, og midten i større grupper
- Tau med løkker å halde i dersom gruppa er stor

Rutinar for turar i bil/
drosje/offentleg transport:

- Innhente samtykke frå forelder for køyring av barn i bil/offentleg transport
- Forskriftsmessig sikring med trepunktssle, bilstol eller pute

Rutinar for sykling på
tohjulssyssel:

- Hjelme tilpassa barna
- Syklar i barnehagen eller etter gangveg og skogsveg
- Syklar ikkje etter trafikkert veg

TRYGG TRAFIKK I BARNEHAGEN

Trafikk i barnehagen er eit aktuelt tema i kvardagen.

Barna opplever trafikk når dei er på tur til -og frå barnehagen. Trygg trafikk skal vere eit tema på foreldremøte kvar haust ved oppstart av nytt barnehageår.

Trafikk er ein del av fagområdet nærmiljø og samfunn i Rammeplanen:


"Gjennom arbeid med nærmiljø og samfunn skal barnehagen bidra til at barna utforskar ulike landskap, blir kjend med institusjonar og stader i nærmiljøet og lærer å organisere seg og ferdast trygt".

Vi snakkar med barna om reglane i trafikken og kva vi må sjå etter og passe på, i tillegg er det viktig å utføre dette i praksis på tur.

Vi går mest i skogen, eller på traktorveg. Da får barna gå nokså fritt, oftast med ein vaksen fremst og ein bak.

Når vi går langs trafikkert har vi egne rutinar.

I tilfelle der vi må bruke bil eller drosje har vi også prosedyrar som vi fyljer.



BARNEHAGERUTA

2025 – 2026

Barnehagane **held stengt** i jule- og påskeveka. Fellesferie veke 29, 30 og 31.

Månad	Dato	Info
August 2025	11. og 12. august	Planleggingsdagar
	13. august	1. dag barnehageåret 25 - 26
September	-	-
Oktober	-	-
November	28. november	Planleggingsdag
Desember	23. desember	Siste dag før jul
Januar 2026	2. januar	Planleggingsdag
	5. januar	1. dag etter nyttår
Februar	-	-
Mars	27. mars	Siste dag før påske
April	7. april	1. dag etter påske
Mai	15. mai	Planleggingsdag
Juni	19. juni	Planleggingsdag
Juli	10. juli	Siste dag før sommarstenging
August 2025	3. august	1. dag etter sommarstenging